

Årsmelding Sirdal bygdekvinnelag 2018

Bygdekvinnelaget har 22 medlemmar, som er tre mindre enn i fjor. Det er òg nokre av desse som har sagt dei ikkje vil betala kontingenten neste gong, så difor vart dette tema før årsmøtesakene i år.

Kontingenten for 2018 er kr. 675,-, der kr. 550,- går til NBK og kr. 125,- til fylkeslaget. Lokallaget sponsar kr. 100,- per medlem om ein sjølv bed om det.

Styret 2018:

Leiar: Solveig Marie Ådneram (på val)

Nestleiar: Karine Tjørhom Myhra (på val)

Sekretær: Åse-Berit Fidjeland (har eitt år att)

Studieleiar: Tone Østtveit Kvinen (har eitt år att)

Kasserar: Anita Haugen (har eitt år att)

1. vara: Eva Marianne Tennfjord - møter fast på styremøta (på val)

2. vara: May Britt Ousdal (på val)

Valkomité: Sølvi Manneråk og Gro Nilsen (på val)

Revisor: Anne Mette Hovland (på val)

Aktivitetar og arrangement:

Styret hadde konstitueringsmøte 20.11.17, og har hatt fem (5) styremøte i løpet av året, der dei m.a. har gitt høyringsssvar på Noregs bygdekvinnelag sin politiske plattform og "Forskrift om nedsatt konsesjonsgrense i Sirdal kommune, jf. forvaltningsloven §7", samt skrive brev om nærpolitireformen til lokalt politi, GDE Jæren, Sandnes og Dalane og Sør-Vest politidistrikt v/politimester Vik.

23/10: Refleksnatursti der 52 personar, dvs. 34 barn og 18 vaksne, deltok (ope arrangement)

23/11: Jordeplekakebakekurs v/Helga Hadland og Bente Fidje med fem (5) deltakarar, der fire var medlemmar (medlemsarrangement)

6/12: Persesyltekurs på Tjørhom grendehus der åtte (8) personar deltok (medlemsarrangement)

16/3: Basar med inntekt hjartestartar til Sirdal skiarena - eit ope arrangement der 93 personar (49 vaksne og 44 barn) møtte opp, litt færre enn førre år. Me fekk inn kr. 46 000,- der kr. 25 000,- vart gitt til Sirdal skilag (ope arrangement)

1/6: Miljøaksjon i samband med "Hald Sirdal rein" langs turstien frå Kvæven til Haugen (fire (4) personar, men kunne vore fem) med retur på Fv 987 (to (2) personar)

22/6: Sommaravslutning på Byrkjedalstunet for seks (6) medlemmar

Elles arrangerte Sirdal bygdekvinnelag "Peparkakebygda" saman med biblioteket for fjerde gong der det kom inn femten (15) bidrag, som er fem meir enn året før. På **Energifestivalen** på Tonstad delte me igjen ut kald rabarbrasuppe, rundt 100 smaksprøvar, som var mindre enn tidlegare år, men me/Tone Østtveit Kvinen verva ein ny medlem. Leiaren i Sirdal bygdekvinnelag måtte minna Sirdal kommune på avtalen om å planta og vatna staudar i **rundkøyninga** på Sinnes. **Lesesirkelen** held fram med sju damer som møtest om lag ein måndag i månaden på biblioteket for å diskutera den boka me har lese sidan sist. Nokon tykkjer det er ekskluderande at lesesirkelen berre er for medlemmar, men nokre aktivitetar må vera eksklusive. Bygdekvinnelaget held òg fram med **velkomsthelsing**, blom og informasjonsskriv, til nye innbuarar. I år stilte SBK med ein sjåfør (og to "små" bøsseberarar) på TV-aksjonen til Kirkens bymisjon, samt reservesjåførar om det trongst.

Det vart nokre færre aktivitetar enn planlagt i år, for juletrebrenning med juletrekastekonkurranse og refleksjakt/-natursti hausten 2018 vart avlyste pga. for sein informasjon til ansvarlege. Det same vart syshow av kaffiveske, oppfølgingskurset "Ville vekster - sjølvplukk og bruk av råvarene" etter "Bygda i bevegelse" og blometur til Wiig gartneri for medlemmar. Årsakene var sjukdom eller ingen/svært få påmelde. Me meiner likevel at dei som har møtt opp i løpet av året, har hatt det kjekt.

Sirdal bygdekvinnelag var representert på leiarsamling (25.11.17) og temakurs (19.-20.01.18) i Stavanger v/Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland, og dei var òg delegatar på fylkesårsmøtet på Hjelmeland 2.-3. mars 2018. Solveig Marie Ådneram vart der vald inn i fylkesstyret som vararepresentant, og var delegat på årsmøtet i Norges bygdekvinnelag (NBK) i Harstad i juni.

Styret for 2017/2018 arrangerer juleavslutning på Byrkjedalstunet i desember, og har meldt på så mange som mogleg frå styret til leiarmøtet i RBK 24. november.

Fidjeland 22.10.18, Åse-Berit Fidjeland (skrivar)



Sirdal bygdekvinnelag